

Positiv vurdering av behov for sandtaket

30.05.2009



Sandtak-området slik det er i dag. Det vart drive uttak og sal av sand der til 1986. (Foto frå konsekvensutgreiinga)

I ei konsekvensutgreiing for det planlagde Uskedalen sandtak har Byggadministrasjon Harald Bjørndal i Eikelandsosen mellom anna vurdert behovet.

Lokale entreprenørar og betongblandverk i Bergensregionen uttrykker seg positivt til eit slikt uttak. Held sanden jamn og god kvalitet, er det ein marknad for uttak av støypesand.

Forekomsten i Uskedalen er i nokre parti så fin at det er mogeleg å produsera golfsand. Dette er det ein stor marknad for då dette ikkje vert produsert i Sunnhordlandregionen.

Det blir og planlagd ei utskipingshamn for sand og då vil ein nå ein større marknad som til dømes Bergen og resten av landet.

Støypesand, som vil vera hovudproduksjonen, vil vera etterspurd så lenge det vert bygd i betong.

Då dette vert eit reint naturmasseuttak kan ein ikkje sjå at det kjem i vesentleg konkurranse med Norstone i Dimmelsvik. Verket i Dimmelsvik knuser stein ned tilsand grunna lite sandforekomstar. Dette er ressurskrevjande og vesentleg dyrare enn natursand-produksjon.

Dette tilseier at behovet for natursand er stort.

I ei vurdering av trafikksikkinga vert det opplyst at det ved normal drift vil bli transportert ca. 10 til 15 lass med sand ut frå anlegget. Bjørndal har vurdert yrkestrafikken frå anlegget til ikkje å få konsekvensar for øvrig trafikk eller omgjevnader langs riksvegen.

Når det gjeld fylkesveg 47 må ein i drift av anlegget bruke vanlege lastebilar eller mini semi. Anlegget vil normalt ikkje produsera materialar som vert regna som farleg transport.

Fylkesvegen har restriksjonar knytt til vogntoglengde (12,4 meter) og drifta av anlegget må til kvar tid følgje dei restriksjonar og krav som gjeld.

Transport av farleg last er vurdert å vera normal og vil ikkje gje auka risiko for ulukker så lenge transport og oppbevaring vert utført etter gjeldande regelverk.

I ei oppsummering av trafikkproblematikken heiter det at tiltaket vil gje auke i andel tunge kjøretøy også i den perioden av døgnet når born ferdast langs vegen, spesielt til og frå skulen. Og det vil kunne gje negative konsekvensar for trafikktryggleik og tryggleik for mjuke trafikantar på grunn av den låge vegstandarden.

Aktuelle tiltak for å avbøte dette vil vere punktvis eller strekningsvis utbetring av vegen og reduksjon av fartsgrense frå 80 til 60 kilometer i timen. I tillegg kan det vera aktuelt at tiltakshavar dekkjer kostnader med busskort til skuleborn som ferdast langs vegstrekninga.

Når det gjeld støyen er det gjort målingar i området og her er konklusjonen at det med dagens nye maskiner ikkje vil vera noko problem og komma under godkjente normer.

Det er miljøvernavdelinga hos fylkesmannen som har kravd konsekvensutgreiinga, som er utført av Bjørndal støtta av geolog Karstein Eikeland og tiltakshavar Trond Lekva Myklebust.

Også tilhøva for fisken og etterbruken er vurdert.

I utgreiinga blir det slege fast at fiskebestanden er ømfindleg for finstoff og utfordringa vert å forhindra utlepp av fine sand- og siltmassar. For å reinsa avrenningsvatnet er det tenkt brukt to containarar som forsedimentasjonsbasseng. Deretter går vatnet ned i eit ope sandfilterbasseng etterfølgd av eit infiltrajonsbasseng.

Av Ola Matti Mathisen